

TUNNELINNSLAG
PÅ LJØEN

UNDER:
NATURSTEINS-
MURAR PÅ LJØEN



VEGEIGAR:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Telefon 71 25 80 00
e-post: post@mrfylke.no
www.mrfylke.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune

BYGGHERRE:

Statens vegvesen, Region midt
Telefon: 815 44 040
e-post: firmapost-midt@vegvesen.no



Statens vegvesen

RASVOLLAR I HERDAL



2018-12 grafisk.senter@vegvesen.no




Statens vegvesen

RASSIKRING FV 60

Røyr-Hellesylt i Stranda kommune



Les meir om rassikringa av fv. 60
Røyr-Hellesylt på
vegvesen.no/vegprosjekter



Sikringa av den svært rasutsette strekninga mellom Røyr og Hellesylt på fylkesveg 60 er godt i gang. Kvar vinter sidan opninga i 1962 har vegen vore stengt grunna rasfare og snøras. Prosjektet vil føre til sikker veg og kortare reisetid og ein unngår stengt veg grunna ras og rasfare, når alt er ferdig sikra. Dette gir betre vilkår for reiselivsnæringa, industrien, offentlig transport og ikkje minst for daglege pendlarar til skule og arbeid.

Statens vegvesen Region midt ved prosjektavdelinga er byggherre på vegne av Møre og Romsdal fylkeskommune. Rassikringsprosjektet starta i mai 2009 og har tre byggesteg.

FØRSTE BYGGESTEG. Omfatta 1200 meter forlenging mot sør og 700 meter rehabilitering av Streketunnelen, samt veg i dagen mot Hellesylt.

Første byggesteg vart kalkulert til 228 mill. kroner i 2008, men kosta 206 mill. kroner da det stod ferdig 17. juni 2011.

ANDRE BYGGESTEG. Omfattar ny 1852 meter Streketunnel

nord. Steinmassane vart brukt til rasvollar/kjegler mellom Røyr og Herdalen.

Det skal byggast om lag 400 meter veg på Ljøen og ei ny 56 meter lang bru over Ljøelva. Sør for brua skal det byggast eit utsiktspunkt mot Geirangerfjorden og Sunnlyvsfjorden. Her vert det også toaletttilbod. Vi planlegg å opne utsiktspunktet til turistsesongen 2013.

Kostnadsoverslag på andre byggesteg er 250 millionar kroner. Arbeidet starta 18. mars 2011 og skal etter planen verte ferdig hausten 2013.

TREDJE BYGGESTEG. Omfattar ny Ljøtunnel på ca 3 600 meter frå Herdalen til Ljøen, ny ca 440 meter lang rastunnel på Røyr til sikring av Vassfonna og Røyrfonna. I tillegg skal rasvollane frå Røyr til Herdalen ferdigstillast. Kostnadsoverslag på tredje byggesteg er 470 mill. kroner.

Løysinga med heilt ny Ljøtunnel gjer at det berre vert små trafikkhindringar i byggetida.

Byggeplanlegginga starta sommaren 2012, og om Møre og Romsdal fylkeskommune løyver midlar kan tidlegast opning verte til vinteren 2015/2016.



NY BRU OG UTSIKT-PUNKT PÅ LJØEN